

Runde 4

# 1

Kva heiter denne populære amerikanske hesterasen, særleg kjent for sitt flekkete mønster og for å ha synleg kvit ring rundt iris, slik som menneske har. Hesterasen har same namn som ein westernfilm frå 2008 med Ed Harris og ein annan westernfilm frå 1966 med Marlon Brando.



# 2

25.06.1987 er den så langt siste datoen der alle dei åtte sifra i formatet er forskjellige, altså at at kvart siffer er nytta berre ein gong. Kva blir den neste datoen som inneheld åtte unike siffer?

3

I kva land ligg verdas største saltslette,  
Salar de Uyuni?

4

Kva heitte denne danske skodespelaren (1881–1972), ei av stumfilmens første og største stjerner og blant stumfilmens første sexsymbol?



5

I kva for ein kommune i Hordaland vart  
Noregs første vindkraftpark, Midtfjellet,  
opna i september 2013?

6

Hva heitte skipet som førte kong  
Haakon og kronprinsesse Märtha med  
barn tilbake til Norge 7. juni 1945?

7

Kva heiter den austerrikske lækjaren og forskaren som var den første som delte inn i blodtypar. Han skreiv i 1901 om tre alternative typar som han kalla A, B og C. Han fekk nobelprisen i fysiologi og medisin i 1930.



# 8

Kven har måla dette  
biletet: *An Experiment  
on a Bird in an Air  
Pump*, frå 1768?

Biletet heng til vanleg  
på National Gallery i  
London.





9

På kva for ei side skal ein passere dette sjømerket? Svar med ein av dei fire himmelretningane.



10

Kva heiter den nigerianske forfattaren som har hatt stor internasjonal suksess dei siste åra med titlar som *Americanah* og *Half a Yellow Sun*? Utdrag frå eit TED-foredrag ho heldt om feminisme vart brukt i Beyonce sin song "Flawless" i 2013.

11

Kva heitte dronninga til Vilhelm IV av  
Storbritannia? Ho har gitt namn til en  
millionby.

# 12

Kva for ein kvinneleg artist passerte i april 2017 Aretha Franklins rekord på 73 singlar på Billboard Top 100-lista, og er no den kvinnelege artisten i historien med flest singelhits gjennom tidene, då ho gjekk inn på lista med ikkje mindre enn tre singlar, kalt «No Frauds», «Regret In Your Tears» og «Changed It»?

# 13

Kva kallar vi den krafta som verkar med 90 gradars vinkel frå underlaget på ein gjenstand? Ei biljardkule på eit bord vil naturlegvis ikkje falle ned på bakken. Dette er fordi ho blir halden oppe av ei kraft frå bordet, altså denne krafta vi spør om. Krafta er like sterk som tyngdekrafta dersom objektet ligg i ro.


14

Kva er det einaste kanadiske laget i Major League  
Baseball?



15

Kva land gjer krav  
på dette området  
av Antarktis som vi  
ser markert i  
raudt?



# 16

Kva for ein person i første mosebok var både onkel og svigerfar til Jacob? Det vil altså seie at han var bror til Rebekka, og far til Lea og Rakel.

# 17

Kven blir ofte kreditert å ha funne opp omgrepet "mansplaining"? Ho skreiv om fenomenet i eit essay som heiter «Men explain things to me», men nytta faktisk ikkje uttrykket sjølv, det gjorde derimot fleire andre om lag samtidig.

# 18

Kva for ein svensk dataspelprodusent vart starta i 1992, og står blant anna bak spelet "Battlefield"?

# 19

Kven har vore assisterande direktør i Norsk Hydro (2000), justisminister (2000-2001) og direktør ved UiO (2004-2007)?

# 20

Kva for ein tysk kunstnar har laga verket *The High Priestess/Zweistromland*, som kan sjåast på Astrup Fearnley Museet i Oslo?



# 21

I 1987 vann Noreg sitt første internasjonale meisterskap i fotball ved å slå Sverige 2—1 i EM-finalen. Begge dei norske måla vart skåra av same spelar. Kven?

# 22

Kva heiter versemålet vi finn i t.d. Håvamål? Vi ser at dei to første kortlinjene er knytte saman med bokstavrim, medan den tredje fullinja rimar på seg sjølv. Så vert dette mønsteret gjenteke.

*Deyr fé,  
deyja frændr,  
deyr sjalfr it sama,  
ek veit einn,  
at aldrei deyr:  
dómr um dauðan hvern.*



# 23

Kva for ei firebokstavsforkorting vert nytta om eit distribuert tenesteangrep, der fleire "slavemaskiner" angrip ei eller fleire maskiner via eit nettverk, t.d. ved å sende fleire datapakker mot maskina enn ho kan klare å ta imot.

24

Frå kva for ein Netflix-serie er dette biletet henta?



25

Kva for eit band høyrer vi her? Dei utgav albumet *Undertow* i 1993 og er vanskelege å setje i bås pga sjangerblanding og eit unikt lydbilete. Her høyrer vi den Grammy-vinnande songen «Schism» frå 2001.